




Årsmelding for 2013



M/S Henrik Ibsen ved Spjotsodd brygge i Kviteseid, foto Kåre Pedersen Bilde for Bilde.

Handsama av administrative ressursgruppe 14. februar 2014

Godkjend av styret 24. februar 2014

Godkjend av årsmøtet 12. mai 2014 jf. vedtektene § 11

Innhold

1.	Innleiing og oppsummering.....	3
2.	Besøkstal	4
3.	Forvaltning av kanallandskapet	4
4.	Reiseliv og annen næring.....	5
5.	Informasjon og marknadføring.....	8
6.	Kultur og frivillig sektor	9
7.	Kunnskapsutvikling og formidling.....	9
8.	Nasjonale og internasjonale nettverk.....	9
9.	Finansiering av utviklingsprosjekter	10
10.	Organisasjon.....	11
	Vedlegg: Statistikk for besøk 2013	12

Regionalparken har nettsider på www.telemarkskanalen.no under Kontakt

I. Innleiing og oppsummering

Årsrapporten følgjer innsatsområda og måla i strategisk handlingsplan 2012-2016.

Hovudmålet i den strategiske handlingsplanen er auka besøk. Derfor er det godt å slå fast at 2013 blei eit godt år når det gjelder besøk, både på kanalbåtane og hos aktørane på land, med fin auke i forhold til 2012.

Regionalparken har aktivitet på alle satsingsområda i strategisk handlingsplan.

Spesielt når det gjeld landskapsforvaltning, utvikling av reiselivet og marknadsføring. Vi har sett i gang landskapsanalyser i alle kommunar, det blir arbeid med attraksjonsklynger og tilrettelegging for aktivitetar osv. Vi har etablert eit nytt stort årleg kanalmagasin og nye nettsider er under utarbeiding. I tillegg blir det arbeid med kulturarrangement og mobilisering av frivillig sektor. Vi samarbeidet med FOU-miljø og deltar i nasjonale og internasjonale nettverk.

Vi fekk god utteljing på søknader om finansiering av utviklingsprosjekt i 2013, men er litt uroleg for dette framover jf. at VSP park blir borte og dei regionale utviklingsmidla blir færre.

2013 er det andre året regionalparken har vore i full drift og organisasjonen er framleis i utvikling med utbygging av nettverk mellom eigarane og til dei private aktørane i området. Samarbeidet mellom eigarane er godt og kontaktflaten med private aktørarar aukar stadig.

(sign)

Styreleiar Tor Erik Baksås

(sign)

Dagleig leiar Pål Kleffegård

2. Besøkstal

- Hovudmålet er at Telemarkskanalen regionalpark skal blir ein betre besøkt reiselivsattraksjon.

2013 blei ein god sesong for regionalparken. Besøkstala auka på dei fleste produkt i forhold til 2012. Dei tre kanalbåtane som går i rute hadde ei passasjerauke på 15 prosent. Mange av aktørane langs kanalen kan også melde om godt besøk og meir enn 20 prosent auke. Sjå vedlagt oversyn på side 12. Det er vanskeleg å seie noko heit sikkert om årsakene, det er mange forhold som spelar inn. Til dømes at det var mykje dårleg ver i 2012 og mykje godt ver i 2013, trass flommen i mai. Men vi har likevel grunn til å tru at suksessen med Minutt for minutt i 2012 og den auka satsinga på marknadsføring i 2013 har hatt effekt.

3. Forvaltning av kanallandskapet

Mål

- Auke kompetansen om landskapsforvaltning hos aktørane og eigarane.
- Gjennomføre konkrete skjøtsels- og tilretteleggingstiltak

I 2012 blei det etablert eit fagnettverk for kanallandskapet for å auke interesse og kompetanse. Der er fagfolk frå kanalkommunane, Telemarkskanalen FKF, fylkeskommunen, fylkesmannen, Statens vegvesen og Geoparken Geo Norvegica. I 2013 starta prosjektet landskapsanalyser i kanal-kommunane, med finansiering frå fylkesmannen. Formålet er å auke kompetansen i metode og å gjere analyser som grunnlag for tiltak i landskapet. Kommunane har vald område som i stor grad er samanfallande med attraksjonsklyngene, slik at dette forsterkar ein pågåande prosess for å gjerne regionalparken meir attraktiv for besøk.

Regionalparkens har sett av 280 000 kr til skjøtsel, tilsyn og vedlikehald. Det er ynskjeleg at frivillige organisasjonar blir trekte inn og det er eit vilkår at det ein plan for å vedlikehalde tiltak. Midla er fordelt likt på kommunane og tiltaket er gjort kjend gjennom nettverka til regionalparken, pluss brev til kanalkommunane og bondelaga. I 2013 blei det berre utført tiltak ved Romnes kirke i Nome, pluss at det er gjort avtale om skjøtsel ved Kviteseid kyrke og på ein badeplass og fiskeplass i Kvitseid. Trass purringar har det ikkje kome framlegg om andre tiltak frå kanalkommunane. Dermed står det att 205 000 kr som må komme i arbeid før sesongstart i 2014.

Dei fleste skjøtselstiltak før Minutt for minutt i 2012 var på område som er eigd av Statens vegvesen og Telemarkskanalen FKF, som har tatt ansvaret for å vedlikehalde desse områda.

I 2012 medverka regionalparken til at det blei starta ei mogelegheitstudie for bioenergi, biokull og transport på kanalen. Rapporten blei levert i april 2013. Etter mange positive tilbakemeldingar blei det planlagt ei forstudie for å gå vidare, men det er problem med finansieringa. Regionalparken ser det ikkje som si rolle å delta i vidare finansiering, ynskjer at dette arbeidet skal kome vidare, med tanke på det effekten det kan få for skjøtsel, kanaltransport og næringsutvikling i regionalparken.

Frå sesongen 2013 har regionalparken samarbeid med Sjøveid vidaregåande skule om utplassering av telemarkskyr ved Eidsfoss. Ordninga skal utvidas til Vrangfoss i 2014.

Regionalparken har hatt dialog med landbruksavdelinga hos fylkesmannen med tanke på samarbeid om beiting og andre tiltak i kanallandskapet, m.a. SMIL-midla som blir disponerte gjennom det regionale miljøprogrammet. Så langt har vi ikkje riktig nådd fram, det er mange andre mål og middel som skal tilfredsstillast i landbrukspolitikken, men dialogen held fram.

4. Reiseliv og annen næring

Mål: Ein betre besøkt reiselivsattraksjon.

Arbeidet med å utvikle attraksjonsklynger med særpreget er finansiert med VSP park 2012. Gjennom 2013 har det utvikla seg til eit handfast konsept, som vi presenterer i Kanalmagasinet 2014:



Status for attraksjonsklyngene:

- Ulefoss kulturary: Starta som Drømmemila i 2011 og blei utvida og fekk namnet Ulefoss kulturary gjennom støtte frå Riksantikvarens verdiskapingsprogram (VSP kulturminne) i 2013. Attraksjonsklynga skal vere klar for publikum frå 2014, bl.a. med guiding for grupper.
- Fruktbygda: Har gjennomført forprosjekt i 2013 med positive resultat når det gjeld besøk og samarbeid mellom dei 17 aktørane. Går vidare i hovudprosjekt i 2014, men er ikkje fullfinansiert.

- Vandring og kultur: I 2013 blei det gjennomført ein prosess med aktørane og etterkvart har Kviteseid og Tokka samla seg om temaet vandring og kultur, med kopling til det store vandreprosjektet som omfattar heile Vest-Telemark og Tinn. Er i gang med hovudprosjektet.
- Industrihistoria/verdsarv: Notodden ynskjer å utvikle seg som reisemål for dagsbesøk, men har ikkje hatt finansiering til å ta tak i det utviklingsarbeidet som må til. I 2013 prøvde regionalparken å bistå i dialogen med fylkeskommunen, utan resultat. Men i desember 2013 vedtok fylkestinget å inngå samarbeid med Notodden og Tinn om en nærings- og reiselivsutviklingsprosjekt knytt til UNESCO-arbeidet. Så vi reknar med at det blir fart på arbeidet frå 2014.
- Kanalbyen Skien. Her starta arbeidet med attraksjonsklynge og utvikling av Smiøya opp på seinhausten 2013, som eit forprosjekt som skal vere ferdig våren 2014. Til klynga har dei spesielt arbeid med Henrik Ibsen og mat.

I tillegg til dei lokale klyngene blir det arbeid med ulike felles tema for heile regionalparken.

- Aktivitetar i regionalparken, sykling, padling og vandring. Det er gjort ein del registreringar av ruter, fotografering, kartfesting, dialog med næringsaktørar osv. som m.a. skal brukast til to planlagde temakart om padling og sykling i regionalparkens område frå sesongen 2014.
- Gjestebygger for fritidsbåtar. Det er laga en statusrapport for alle bryggene når det gjeld kapasitet og servicetilbod. Den konkluderer med at vi bør utvikle åtte gjestehamner fordelt på Skien, Ulefoss, Lunde, Kviteseid, Dalen, Akkerhaugen, Norsjø Ferieland og Notodden. Alle har toalett og vann, noen manglar drivstoff eller strøm. Dalen fekk nytt drivstoffanlegg i august 2013. I Kviteseid og Notodden er det planar om oppgraderingar som skal være klare til sesongen 2014.
- Padlesenter på Akkerhaugen. Regionalparken og Sauherad kommune fekk laga ein forstudie for å vurdere nødvendige tiltak, økonomisk bæreevne og om det var aktørar som vil satse på det. Konklusjonen var at Telemarkskanalen er ideell for padling, men at aktiviteten må byggjast opp over ein lang periode før det er grunnlag for å etablere eit senter.
- Leirplassar. I 2013 sette regionalparken i gang ei forstudie for å kartlegge leirplassar som egnar seg for dei som padlar, vandrar og sykklar i kanallandskapet. Pluss kartlegge behov for fleire leirplassar og korleis ein kan drifte eit nettverk av leirplassar. Rapporten er ferdig i mars 2014.
- Lokal mat. Regionalparken hadde dialog med Matfestivalen Mersmak om at Telemarkskanalen skulle være tema på festivalen i 2013, men dei aktuelle aktørane i regionalparken ikkje var interesserte i å være med. Det pågår eit samarbeid med Skien og Visit Telemark om eit mogeleg prosjekt saman med matjournalisten Andreas Viestad, men det er enno ikkje avklara. Det er mange organisasjonar som driv med lokal mat i Telemark, og fleire av aktørane i regionalparken deltek i ulike samanhengar. For regionalparken er det viktig å bruke eksisterande organisasjonar og ikkje sette i gang nye frikopla prosjekt.

- Kulturopplevingar. I 2013 blei det laga eit særskilt program til sesongopninga, som diverre blei borte med flaumen i mai. Det var fellesannonsar i fylkesavisene om arrangement langs kanalen. Og det blei fordelt noen midlar til kvar kommune for å stimulere til aktivitetar i kanallandskapet, særleg for lag og foreiningar.
- Bobilturistar. Våren 2013 engasjerte regionalparken seg noe i utvikling av nye bobilparkar i Skien. Men vi er kome til at bobil ein del av campingtilbodet og regionalparken bør være varsam med å gå inn på campingnæringas område. Bobilturistane var elles ein del av målgruppa i regionalparkens gjesteundersøking i 2013.

Prosjektet Vrangfoss slusepark blei fullført i 2013. Finansieringa var frå Riksantikvaren, fylkeskommunen og Telemarkskanalen FKF. Det er laga landskapsplan, formidlingsplan og registrert historiske gjenstandar på DigitaltMuseum.no. Café Slusemesteren og bryggerhuset er rusta opp, og det er sett opp nye skilt som m.a. formidlar historia om temjing av den vrange fossen. Vrangfoss er betre tilrettelagt for publikum når det gjeld service og formidling frå sesongen 2014. Vrangfoss blir eit stopp på den industrihistoriske reisa som Norsk Industriarbeidermuseum på Vemork arbeider med.

I 2013 har vi arbeida med temaet 'felles vertskap'. Kviteseid hadde kurs i vertskap for sine aktørar. Regionalparken hadde ei gjesteundersøking retta mot aktivitetsturistar og campinggjester. Det var vanskeleg å få inn nok svar, så undersøkinga fekk eit noe svakt grunnlag. Men saman med andre kjelder gir den likevel noe nyttig informasjon. M.a. at gjester i regionalparken brukar heile Telemark, at mange besøker kanalen frå land, og at dei aller fleste er godt fornøgde med besøket. Hausten 2013 inngjekk regionalparken samarbeid med Quality Improvement (QI) om ein felles kvalitetsutvikling for aktørane i regionalparken etter mystery-metoden. Aktørane har deltatt i arbeidet med ein felles kvalitetsstandard. Den faktiske kvaliteten skal evaluerast av mystery-gjester frå QI. Dei leverer rapportar som utgangspunkt å løfte kvaliteten der det er behov, i dei einskilde verksemdene og i fellesskap. Aktørane i regionalparken er positive og forventningsfulle til prosessen som omfattar 60-70 aktørar og blir gjennomført i 2014 og 2015.

Det er ynskjeleg å utvikle eit tilbod om guiding i regionalparken. Derfor var vi involvert i prosjektet Telemarksguiden (2012-13). Det blei utvikla eit godt innhald for guiding i Telemark, inkl. regionalparken, men det var vanskeleg å etablere eit korps av guidar som står til rådvelde når ein treng det. Innafor regionalparken har Drømmemila/Ulefoss kulturarv arbeid med manus og skolering av eit lokalt guidekorps, som blir realisert frå 2014. I tillegg er det utvikla noen kanalhistorier som kan brukast av guider, som ligg på digitaltfortalt.no.

Regionalparken har ved hjelp av reiselivsstipendiaten laga ein oversikt over tilbod som er spesielt egna for barn og unge som blir presentert i Kanalmagasinet 2014 og på nettsidene.

5. Informasjon og marknadsføring

Mål: Nå fram med god, relevant og tilgjengelig informasjon om opplevingar og attraksjonar langs Telemarkskanalen.

I 2013 samarbeida regionalparken og Telemarkskanalen FKF om eit kanalmagasin på 32 sider som presenterte tilbodet på kanalen og i kanallandskapet. Magasinet hadde eit opplag på 110 000 som blei distribuert til alle husstandar i Telemark og i noen nabokommunar, pluss turistkontor, kanalbåtane, messer osv. Magasinet fekk veldig god mottaking og det kommer eit nytt magasin i 2014.

Regionalparken har samarbeida med Telemarkskanalen FKF om å utvikle Telemarkskanalen.no slik at den speglar tilbodet i heile regionalparken. I 2013 kjøpte regionalparken seg inn og er blitt likeverdig eigar og det blei bestemt å lage ei ny og meir tidsriktig nettside etter same lest som Visit Telemark. . Ein del av den nye løysinga er å oppdatere Skiensvassdraget.no, som er særleg tilrettelagt for skoleborn, men som også blir bruka på sidene elles.

Vi har vurdert ulike app-løysingar, men er kome til at det er viktigare å bruke ressursane på gode nettsider som også lar seg brukt på telefonar, nettbrett osv. Dessutan at tilbodet er registrert i databaser som blir lasta inn i nasjonale appar som Visit Norway osv.

Våren 2013 bidrog regionalparken til at det blei ei ekstra satsing på aktivt sal. Det blei engasjert ein salsmedarbeidar to dagar i uka i fire månader, finansiert som ei spleiselag mellom båtselskapa, fylkeskommunen og regionalparken. Båtselskapa følgjer dette opp i 2014.

Da Visit Grenland flytte frå Hjellebrygga til Klosterøya tok kommunens servicesenter rolla som turistkontor, pluss at dei møtte passasjerar som skulle med kanalbuss frå Hjellebrygga for informere, hjelpe med parkeringsbevis osv.

Andre tiltak som regionalparken har medverka i:

- Lagde spleiselag mellom Reisemål Bø, NUAS, Kviteseid og Tokke så Telemark kunne være med på sykkelkampanja til Visit Norway.
- Deltok på reiselivsmesse i Gøteborg og i Herning i Danmark.
- Samarbeida med Nærbakst som utvikla eit kanalbrød med profilering av Telemarkskanalen på posen. 60 øre per brød skal gå til kanalformål. Ved årsskiftet var det seld 9 000 brød.
- Inngikk samarbeidsavtale med Interaktive Telemark, om turistinformasjon på utplasserte dataskjermar, men prosjektet blei avslutta fordi destinasjonsselskapa ikkje støtta det.
- Støtte til brettspillet 'Kanalspillet' som så langt har seld 700 av eit opplag på 2000.

6. Kultur og frivillig sektor

Mål: Meir engasjerte, stolte og involverte innbyggjarar.

Det var planlagt ein felles markering av sesongopninga 2013 med arrangement i alle kommunane frå Skien til Dalen, med felles annonsering. Men det blei ikkje gjennomført fordi sesongopninga blei utsett i ti dagar på grunn av stor flaum.

I 2013 blei det etablert eit kulturnettverk med representantar for kanalkommunane og fylkeskommunen som samarbeider og samordnar tiltak. Dei disponerer ein pott stimuleringsmidlar frå VSP park.

Det har vore arbeid med løysingar for å synleggjere arrangement på nett i ein arrangementskalender for regionalparken som skal realiserast på dei nye nettsidene i 2014.,

I 2013 etablerte Kviteseid ei kanalveke ved St. Hans-tider. Både Skien og Tokke planlegg kanalveker 2014.

Regionalparken har gitt støtte til utvikling og etablering av Kanalrennet på rulleski i Lunde frå 2014.

7. Kunnskapsutvikling og formidling

Mål: Skape interesse for og utvikle kunnskap om lokale ressursar som grunnlag for vekst og trivsel.

Regionalparken har vidareføre samarbeidet med Telemarkforskning om utvikling av attraksjonsklynger og med Aurland naturverkstad og Universitet på Ås når det gjeld arbeidet i fagnettverket for kanallandskapet.

8. Nasjonale og internasjonale nettverk

Mål

- Utveksle kunnskap med andre regionalparker og fagmiljø.
- Bidra til forankring av regionalpark-konseptet som utviklingsstrategi.

Telemarkskanalen regionalpark har deltatt aktivt i Norske parker, organisasjonen for lokale og regionale parker. På parkmøte i Herand og i Vefsna, nordisk samling på Finnskogen og studietur til Sveits. Vår daglige leiar Pål Kleffegård er vald inn i styret, etter Per Espeli som gikk ut. Vi har reist spørsmålet om dei lokale parkane framleis skal være ein del av satsinga til Norske parker. Styret i Norske parker har etter det vedteke at lokale parkar er ein del av mangfaldet, men Norske parker vil vektlegge regionale parker som arbeidsform i dialog med myndighetene.

Regionalparken har samarbeid med det internasjonale teamet i fylkeskommunen og er kopla til eit nettverk av europiske regionar (NIWE) som tidlegare har vore med i interregprogramma Water City, Waterways Forward og Waterways for Growth. Her kan det komme opp interessante prosjekt og samarbeidspartnarar for den neste Interreg-runda. Vi har presentert arbeidet med attraksjonsklynger på ein konferanse om utvikling av vannveggar i Irland, og Ulefoss kulturarv har arrangert studietur til Skotland.

9. Finansiering av utviklingsprosjekter

Mål: Skaffe eksterne midlar til finansiering av utviklingsprosjekter i regionalparken.

Nasjonalt:

- Søkte VSP park om 1 250 000 kr til Sammen om vertskapet, fekk 1 000 000 kr
- Søkte VSP kulturminner om 500 000 kr til Ulefoss kulturarv, fekk 450 000 kr

Regjeringa har varsla at den ikkje vil vidareføre VSP park etter 2014. Strategien til Norske parker er å få regjeringa med på den sveitsiske parkmodellen, med statleg løyving til eit sentralt parkorgan (Norske parker) som fordeler midla vidare til parkane. Det er usikkert om denne strategien når fram frå 2015.

Regionalt:

- Søkte fylkesmannen om 300 000 kr til landskapsanalyser, fikk 200 000 kr.
- Søkte fylkeskommunen om 700 000 kr til Verdiskaping basert på særprega natur- og kulturressurser i kanallandskapet (VSP park 2012), fekk 700 000 kr
- Søkte fylkeskommunen om 500 000 kr til Ulefoss kulturarv, fekk 450 000 kr
- Søkte fylkeskommunen om 350 000 kr til Sammen om vertskapet i regionalparken (VSP park 2013), har ikkje fått svar enda.

Fylkeskommunen har gitt signal om at det blir mindre pengar til regional utvikling og at konkurransen aukar.

Vi har ei viss uro for den framtidige finansieringa av utviklingsprosjekt, og ser at vi må være meir aktive i å finne nye kjelder. Derfor har vi hatt møte med Sparebankstiftelsen Holla-Lunde, med tanke på samarbeid om utviklingsprosjekt i Nome, spesielt vidare utvikling av Vrangfoss slusepark.

10. Organisasjon

Mål: Vidareutvikle regionalparken som samarbeidsplattform for utvikling gjennom samhandling og samarbeid mellom eigarane.

Telemarkskanalen regionalpark er eit interkommunalt samarbeid etter Kommuneleven § 27. Den er organisert som ein nettverksorganisasjon, med ein liten felles administrasjon på heiltid og eit stort nettverk hos eigarane som arbeider med regionalparken på deltid.

Administrasjonen har to fast tilsette, dagleg leiar Pål Kleffelgård og prosjektkoordinator Frida Sviland. Frå september 2013 til juni 2014 har vi engasjert en reiselivsstipendiat, Jon Harald Aspheim, finansiert av fylkeskommunen og VSP park 2013. Administrasjonen har eit nyttig kontorfellesskap med Telemarkskanalen FKF på fylkeshuset. Arbeidsmiljøet er godt og fråværet ubetydeleg.

Årsbudsjettet 2013 var på 2,7 mill. som er finansiert av eigarane og går til administrasjon og utviklingstiltak. Sjå elles årsrekneskapen for 2013.

Styret har ein representant får kvar av eigarane og er leia av Tor Erik Baksås. Det har hatt fem styremøter og har handsama 32 saker.

Dei faglege nettverka har hatt ni møte; den administrative ressursgruppa (4), fagnettverk for landskap (2) og kulturnettverket (3).

6. november 2013 arrangerte regionalparken sitt første parkmøtet med 57 deltakarar frå offentleg, privat og friviljug sektor. Programmet var korte presentasjonar av prosjekta og foredrag om trendar i reiselivet. Tilbakemeldingane var gode og gir grunnlag for eit nytt parkmøte i november 2014.

Regionalparken har mange store og små prosjekt som er sett ut til prosjektleiarar innfor regionalparkens, kanalkommunar, utviklingsselskap og næringssselskap.

I 2013 har vi gitt ut tre nyhendebrev som blir distribuert på epost. Det har gitt grunnlag for fleire nyhendeoppslag i media. Planen var fire brev i året, men erfaringa viser at det er nok med to om våren og eit om hausten. I tillegg blir nyhende spreidd jamt via Telemarkskanalen.no og på Facebook.

Vedlegg: Statistikk for besøk 2013

Passasjerar på kanalbåtane M/S Henrik Ibsen, M/S Telemarken og M/S Victoria

Sesong	Rute	Endring	Charter	Endring	Totalt	Endring
2011	20 390		3 786		24 176	
2012	17 038	-16 %	2 947	-22 %	19 985	-17 %
2013	19 533	15 %	2 732	-7 %	22 265	11 %

Fritidsbåtar

Sesong	Skien sluse		Ulefoss sluse	
	Antall	Endring	Antall	Endring
2011	595		206	
2012	590	-1 %	231	12 %
2013	609	3 %	265	15 %

- Om lag 100 fritidsbåtar gjekk til Notodden Blues Festival i 2013, det same som i 2012. Men tendensen har vore nedgåande, frå 203 i 2006.

Rapport frå eit utval produkt/aktørar i regionalparken

- Visit Telemark selde 163 sykkelpakker på kanalen, ei auke på 34 prosent.
- Lunde vandrehjem hadde 1 420 gjester i juni-august, ei auke på 13 prosent.
- Norsjø Ferieland hadde 18 276 gjester i juni-august, ei auke på 22 prosent.
- Telemark kanalcamping hadde 6 072 gjester i juni-august, ei auke på 56 prosent. Dei melder om ein liten nedgang i sykkel, men auke i kano/kajakk.
- Turistkontoret på Kviteseid Bryggje hadde 3 000 gjester, ei auke på 11 prosent.
- Kilen feriesenter hadde ei auke på 30 prosent både på sykkel og hytteutleige, og rekordomsetning i kiosken.
- Vest-Telemark museum på Eidsborg hadde auke i besøket, men færre barn.
- Ulefos Hovedgaard hadde 670 gjester, ei auke på 35 prosent.
- Evju bygdetun hadde 3 100 gjester, ei auke på 11 prosent.
- Jern & kanalutstillinga på Ulefoss hadde 1 103 gjester, ein nedgang på 27 prosent.
- Nome turistinformasjon hadde 2 822 gjeste, ei auke på 5 prosent.